

Læreplan i klima- og miljøfag

Føremål:

Kunnskap om berekraftig utvikling og innsikt i klima- og miljøspørsmål vert stadig viktigare når komande generasjonar skal velje yrke og delta aktivt i samfunnslivet. Klima- og miljøfag gjev elevane naudsynt kompetanse om desse temaa, så dei står godt rusta til å møte ei framtid prega av det grønne skiftet.

Klima- og miljøfag er bygt på tverrfaglege problemstillingar der naturfaga og samfunnsfaga møter kvarandre. Tverrfaglege problem treng tverrfaglege løysingar, og difor er faget tufta på tverrfagleg arbeid. Kjennskap til dei ulike fagdisiplinane er til hjelp for å forstå faget. Fagfelte er òg i rask utvikling, og ein vert stadig presentert for både ny kunnskap og ulike måtar å handsame han på. Difor er trening i vitskapeleg og kritisk tenking viktig.

Klima- og miljøfag gjev elevane innsikt i korleis handlingane til storsamfunnet, lokalsamfunnet og den einskilde innbyggjar påverkar både den fysiske omverda og menneska rundt oss, både dei nær oss og dei langt unna, i dag og i framtida. Alle handlingar har ein direkte og indirekte effekt, samtidig som summen av dei er med å styre retninga samfunnet og verda utviklar seg. Gjennom faget får elevane ein djupare forståing for omgrepet berekraftig utvikling og ulike oppfatningar av kva som ligg i det. Dei får innsikt i korleis sosiale forhold, økonomi og miljø heng saman. Elevane får øving i å reflektere over eigne behov og korleis dei dekkjer dei. Innsikt i desse temaa og refleksjon over ein eigen rolle og over kva påverknad ein vert utsett for er grunnlaget for det som kan kallast ei berekraftig danning.

Klimaendringane og tap av biologisk mangfald vert rekna blant dei største einskilde utfordringane i verda i dag. Klima- og miljøfag gjer elevane i stand til å finne og vurdere oppdatert kunnskap om klimaframskrivingar og konsekvensane klimaendringane får globalt og lokalt. Dei får innsikt i innhaldet i, og prosessen bak, globale og nasjonale planer og avtaler, og kva omstillingar samfunnet må gjennom for å tilpasse seg klimaendringar og hindre ytterlegare global oppvarming. Elevane vert budd på kva samfunn dei skal ta del i når dei veks opp, og kva omstillingar dei sjølve vert ein del av.

Kunnskap åleine fører ikkje automatisk til handling. Ein har til dømes vore klar over klimaendringane i fleire tiår utan at vi har klart å redusere dei samla utsleppa av klimagassar. Eit viktig mål med faget er difor å gje elevane handlingskompetanse. I dette ligg ikkje berre kombinasjonen av kunnskap og verkty til å nytte han, men òg trening i å ta dei i bruk. Gjennom klima- og miljøfag vert elevane trena i å nytte kunnskapen sin i oppgåver og prosjekt både i og utanfor klasserommet. Dette inneberer både forskingsaktivitet og innovasjon. Elevane skal gjere undersøkingar i lokal natur og samfunn, og trene på å komme med nye idéar som kan medverke til ei berekraftig utvikling.

Hovudområde:

Viten og vitskap

Hovudområdet handlar om vitskapsteori og vitskapeleg og kritisk tenking. Det handlar om kva som kjenneteiknar gyldig vitskap og korleis ein kan vurdere faglege argument, samt korleis ulike fag har ulike vitskapstradisjonar og korleis dette verker inn på tverrfagleg arbeid. Eleven skal kunne vurdere argument og utsegner i klima- og miljødebatten, og forme haldningar og meiningar tufta på faktakunnskap.

Berekraftig utvikling

Hovudområdet handlar om å sjå samanhengene mellom vår ressursbruk og levekår for menneske i andre deler av verda og for framtidige generasjonar. Sentralt i hovudområdet er forståing av dei ulike syna på kva ein meiner med berekraftig utvikling: Kva det inneber, og korleis sosiale forhold, økonomi og miljø heng saman. Vidare handlar det om kva behov vi menneske har og korleis det å fylle behova våre påverkar samfunnet og miljøet. Eleven skal få kunnskap om og reflektere over korleis ein påverkar omverda gjennom forbruk og åtferd, politiske val og anna deltaking i samfunnet.

Klimaomstilling

Hovudområdet handlar om korleis klimaet har endra seg og vil endre seg i framtida, og kva konsekvensar det kan få globalt og lokalt. Vidare handlar det om korleis vi som menneske handlar for å hindre klimaendringar og for å tilpasse oss dei endringane som har og vil kome, og kva drivkrefter og motkrefter som påverkar dette arbeidet. Eleven skal få innsikt i og verte budd på dei omstillingane samfunnet kjem til å gå gjennom som følgje av klimaendringane.

Handlingskompetanse

Hovudområdet handlar om å knyte teoretisk kunnskap om klima og miljø til praktisk arbeid og undersøkingar i nærmiljøet og lokalsamfunnet.. Vidare handlar det om forskning på lokale høve og innovasjon for å finne løysingar på utfordringar knytt til klima og miljø og for å sjå nye moglegheiter i dei omveltingane samfunnet går gjennom. Eleven vert trena i å forske og gjennomføre ulike undersøkingar, og i å nytte kreativitet og nytenking saman med faktakunnskap for å løyse klima- og miljøutfordringar.

Kompetansemål:

Viten og vitenskap

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- forklare kva ein meiner med gyldig vitenskap
- drøfte og vurdere kvaliteten til ulike argument og utsegn i klimadebatten
- gjere greie for likskap og ulikskap mellom naturfaglege og samfunnsfaglege vitenskapstradisjonar
- drøfte korleis ulike vitenskapstradisjonar møtest i klima- og miljø-problematikk
- gjere greie for og ta i bruk ulike metodar for å hente inn kunnskap om samfunn og natur
- gjere greie for korleis FN sitt klimapanel er sett saman og arbeider

Berekraftig utvikling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- drøfte omgrepet berekraftig utvikling, gjere greie for ulike syn på kva det inneber
- gjere greie for kva ein meiner med omgrepet økologisk fotavtrykk, drøfte storleiken til menneska sitt samla økologiske fotavtrykk, og reflektere over samanhengen mellom dette og menneskeleg utvikling
- drøfte korleis menneskeleg aktivitet har påverka det biologiske mangfaldet på jorda tidlegare, gjere greie for dei viktigaste faktorane som fører til tap av biologisk mangfald i dag, og vurdere kva konsekvensar det kan få
- kjenne til og gjere greie for nokre internasjonale avtalar og konvensjonar som har som mål å bevare biologisk mangfald
- forklare omgrepa raudlisteartar og svartelisteartar, og drøfte utviklinga av raudlista i Noreg
- gjere greie for kva behov menneska har, og drøfte korleis ein kan oppfylle dei på ein berekraftig måte
- drøfte omgrepet forbrukarmakt, og vurdere korleis forbruket og åtferda til kvar einskild kan verke inn på menneske i andre deler av verda og framtidige generasjonar
- drøfte kva innverknadskanalar ein har, og korleis ein kan nytte dei for å påverke samfunnet lokalt, nasjonalt og globalt

Klimaomstilling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- beskrive klimaendringar og klimasvingingar i forhistorisk og historisk tid og kjenne til årsaker til naturlege og menneskeskapte klimaendringar
- finne og gjere greie for oppdaterte framskrivingar for global og lokal klimautvikling, og drøfte kva konsekvensar dei kan få
- drøfte korleis ulike menneskelege inngrep har gjort oss meir sårbare for flaum og ras enn før, og vurdere ulike tiltak for klimatilpassing

- kjenne til korleis internasjonale klimaforhandlingar føregår, og gjere greie for gjeldande internasjonale klimaavtalar
- gjere greie for FN sine klimamål, og drøfte kor godt verdssamfunnet ligg an til å nå dei
- gjere greie for og vurdere nasjonale planar for klimatiltak
- drøfte kva drivkrefter og motkrefter i samfunnet som påvirker arbeidet med klimaomstilling

Handlingskompetanse

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for faktorar som medverker til og hindrar handling og handlingsendring på person- og gruppenivå
- analysere og vurdere korleis eige forbruksmønster medverkar til eller hindrar berekraftig utvikling
- finne informasjon om og gjere greie for førekomstar og av svarte- og raudelisteartar i lokalmiljøet, og drøfte tiltak for å bevare biologisk mangfald i lokalmiljøet
- planlegge og gjennomføre undersøkingar i lokalmiljøet for å påvise eksisterande og moglege endringar i naturen som følgje av klimaendringar
- gjere seg kjend med og vurdere kva tiltak som er gjennomført og planlagde i lokalsamfunnet for å førebygge og tilpasse seg klimaendringar
- planlegge og gjennomføre undersøkingar for å finne ut kva utfordringar og moglegheiter lokalt næringsliv møter som følgje av klimaendringane
- kjenne til og drøfte ulike måtar næringslivet tilpassar seg det grønne skiftet
- arrangere ein grøn innovasjonscamp på skulen sin
- gjere seg kjent med og drøfte eksisterande tiltak for berekraftig drift på eigen skule, og føreslå og vurdere idéar til forbetringar

Vurdering:

Føresegner for sluttvurdering:

Standpunktvurdering:

Eleven skal ha standpunktkarakter

Eksamen for elever:

Elevene kan trekkjast ut til munnleg eksamen. Munnleg eksamen blir utarbeidd lokalt.